



Sykkylven kommune
Servicetorget

Det kgl. Kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Dykkar dato:	Vår dato:	25.09.2006	Saksbeh.:	Torill Olin Skjeret
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2006/655-7168/2006	Telefon:	70 24 66 57
	Klassering:	080		

Høringsuttale - Sykkylven kommunestyre

Sykkylven kommunestyre handsama høyring på NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring? i sitt møte den 18.9.06. Ei ad hoc-gruppe nedsett av kommunestyre har arbeidd ut eit høyringsnotat frå kommunen og kommunestyret gjorde slikt vedtak i tilknytning til dette:

Sykkylven kommunestyret viser til høyringsnotatet til NOU 2006:7 og seier seg samd i kommunen si ad hoc-gruppe si utgreiing.

Sykkylven kommunestyre støtter kommisjonen i

- at valgdagsordninga vert praktisert som no
- at 18 års stemmealder består
- at det vert kartlagt korleis lokalpolitikarane sjølve opplever den aukande selskapsdanninga lokalt.

Som vedlegg fylgjer;
Høyringsnotat frå kommunen si ad hoc-gruppe
Utgreiing og protokoll frå møtet i kommunestyret.

Med helsing


Torill Olin Skjeret
konsulent

11 SEPT. 2006

Avd.:... Saksb.: ES

Sykkylven Kommunestyre
v/ordfører Jan Kåre Aurdal

6230 Sykkylven

Sykkylven 10.9.06

Høyringsnotat NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring

Komiteen som vart oppnemnd i Kommunestyresak 34/06 legg med dette fram sine kommentarar til NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring.

Gruppa har hatt tre møte og deltakarar har vore: Odd Krüger, Synnøve Kalvatn, Bjørn Idar Lyngvær, Anita Kjersem, Emte Aure, Ivar Johansen, Eldar Høydal

Odd Krüger har vore referent og fullført rapporten.

På grunn av kort tidsfrist er ikkje fleire organ invitert til diskusjon om rapporten, men gruppa sin rapport bør oversendast ungdomsrådet, eldrerådet og råd for funksjonshemma for vidare diskusjon. Vi trur at innhaldet i NOU 2006:7 bør vere interessant lesning for fleire partar.

Hovudtema i NOU 2006:7 er valdeltaking; korleis auke denne både for lokalval og riksval. I rapporten er m.a. **tillit, nærleik, påvirkningsmulighet (både som velgjar og som politkar), valtidspunkt, valmetodar, informasjon og verdsetting av utført arbeid som lokalpolitkar** mellom dei viktige begrepa gruppa meiner er sentrale for å engasjere innbyggjarane.

Gruppa meiner at **tillit** til politkarane og til den politiske prosessen er viktig for å få oppslutning ved val. Politkarane, både på lokal- og riks nivå, må følgje opp lovnader som er gjevne i valkampen. Vidare er det viktig at det politiske arbeidet er prega av opne og demokratiske prosessar, og ikkje av manøvreringar frå ein liten politikarelite i lukka rom.

Nærhet og påvirkningsmulighet er viktig for valdeltaking. Dersom sakene har eit lokalt tilsnitt vil engasjementet vere større. Dette viser seg i form av lokale lister, aksjonar, etc. Kommisjonen viser til undersøkingar som viser at ein har bevega seg mot eit aksjonssamfunn der m.a. "alternative" lister vert nytta for påvirkning i ønska retning. Det er viktig at politkarane har reell påvirkning på budsjett og kommunal tenesteyting. Ideelt sett gjeld lokalpolitikken heile kommunen (evt. fylke), og særinteresser står ofte i motsetning til felles interesser. Gruppa konstaterer (på linje med kommisjonen) at gjennomgåande representasjon medfører ei profesjonalisering som kan vere uheldig, spesielt når det gjeld rekruttering og deltaking, men gir kvar politkar større oversikt.

Val over to dagar (evt. søndag som 2. dag) bør vurderast for å gi større fleksibilitet på **valtidspunkt**. Elektronisk val bør prøvast ut som **valmetode**.

Gruppa er delt i synet på felles valdag for alle nivå. Det er naturleg at ein då vil få eit klarare partival også lokalt, men dei lokale sakene vil kanskje i enda større grad enn no drukne i riksdebatt.

Grappa konstaterer at dei eldre føler eit større ansvar for å stemme. Kommisjonen kommenterer også dette. Konklusjonen bør vere interessant som grunnlag for analyse av samfunnsutviklinga.

Informasjon er viktig. Bruk av lokalpresse, lokalradio, overføring av møte til Internett, interaktive kommunestyremøte der publikum kan stille spørsmål via chat/epost og liknande er interessant.

Blanke stemmer i vallokalet er viktig, for å kunne gi også denne type melding.

Kommisjonen understrekar i sin konklusjon at det vil koste å ha eit aktivt politisk arbeid i gang også på lokalt nivå. Grappa er enig i dette og meiner det er viktig at tida som dei valde nyttar til politisk arbeid vert **verdsett**. Fritid er etterkvart blitt ein verdifull ressurs. Lokale folkevalde må få ei godtgjering for innsatsen sin som viser at ein verdset denne typen arbeid på line med anna arbeid i samfunnet og på linje med ordførarar og varaordførarar. Grappa foreslår difor at møtegodtgjersle vert gitt i høve verdi på tilsvarende arbeidstid. Eit alternativ er også at det vert innbetalt eit pensjonsinnskott slik at ein også som eldre kan nyte fordel av å ha ytt noko for samfunnet. Dette kjem for nokon kanskje i motsetning til begrepet "borgarplikt" men politkarvervet er i dag eit krevjande engasjement som krev mykje til til saksførebuing for å gjere ein god jobb.

Tidspunkt for politiske møte må velgjast slik at flest mogeleg kan vere aktive i det politiske arbeidet og at dei har overskot til å drøfte viktige og krevjande saker.

Det må ikkje gå for lang tid mellom møta og møta må ha rimeleg lengd. Sjeldne møte fører ofte til uforsvarleg stor saksmengd på kvart enkelt møte og til at politkarane misser kontakta med den kommunekvardagen dei skal forhalde seg til.

Ombudsrolla til den valde er også viktig å vise til. Den valde har som oppdrag å beskytte enkeltpersonar eller grupper sine interesser og rettigheter.

Grappa er er også enig i at direkte ordførarval **kan** gi større engasjement, under føresetnad av at ordføraren har makt. Dette vil i så fall kreve lovendring. Med dagens sett av lover har ordføraren ikkje mynde til å avgjere så mange saker, og vil ofte hamne i eit vakum. Nødvendige lovendringar vil evt. ha konsekvensar for kommunestyret si makt og også påvirke demokratiet.

Kommisjonen konkluderer også med at ein flat kommunal organisasjon med mange etatleirarar og få politiske utval ikkje har vore nokon suksess der dette er prøvd ei tid. Intensjon om å spare pengar, ansvarleggjere (både politkarar og administrativ leiing) og vitalisere kommunestyre har ikkje blitt oppfylte. Omorganiseringa har heller ikkje gitt auka valoppslutning. Dette ser grappa på som ein interessant konklusjon med bakgrunn i vår eigen omorganiserings prosess. Her bør tid ligge eit insentiv til ei evaluering av prosessen vi er inne i, for evt å ta lærdom frå andre sine erfaringar etter ei tid med ny organisering.

Grappa vil også peike på kommisjonen sine kommentarar vedrørande selskapsdanning i kommunal regi. Politkarane og veljarane vil automatisk misse innsikt i for eksempel aksjeselskap og tilsvarende selskapsformer på grunn av for eksempel innhaldet i aksjelova.

Grappa legg notatet fram for Kommunestyret for vidare handsaming.



Dato: 11.09.2006
Arkivref: 2006/655-6789/2006

Saksbeh.: Torill Olin Skjeret

Saksnr	Utval	Møtedato
45/06	Kommunestyret	18.09.2006

Høyring: NOU 2006:7 - Det lokale folkestyret i endring?

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Utan framlegg

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 18.09.2006

Behandlingsinformasjon:

Ordføreren sette fram slikt forslag til vedtak:

Sykkylven kommunestyre viser til høyringsnotatet i NOU 2006:7 og seier seg samd i kommunen si adhoc-gruppe si utgreiing.

Karen Elise Matheson sette fram slikt forslag:

Sykkylven kommunestyre støtter kommisjonen i

- at valgdagsordninga vert praktisert som no
- at 18 års stemmealder består
- at det vert kartlagt korleis lokalpolitikarane sjølve opplever den aukande selskapsdanninga lokalt

Samrøystes vedtak: Som forslaget frå ordføreren med tillegget som foreslått av Matheson.

Vedtak:

Sykkylven kommunestyre viser til høyringsnotatet i NOU 2006:7 og seier seg samd i kommunen si adhoc-gruppe si utgreiing.

Sykkylven kommunestyre støtter kommisjonen i

- at valgdagsordninga vert praktisert som no
- at 18 års stemmealder består
- at det vert kartlagt korleis lokalpolitikarane sjølve opplever den aukande selskapsdanninga lokalt

Saksutgreiing

I møte den 26.6.06 sette kommunestyret ned eit utval til å vurdere NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring?, og ev. uttale frå kommunen om dei tema som vert tatt opp.

Vedlagt fylgjer notatet frå utvalet sitt arbeid, og vidare kopi av kapittel 1 i NOUen.

Høyringsfristen er sett til 1.10.06, så kommunestyret må gi ev. uttale i møtet den 18.9.06.

Erling Solsletten
rådmann

Rett utskrift; Torill Olin Skjeret, utvalssekr.